

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 16.12. 80
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 146 Fosse ytre	SAK NR. 719/80
Byggherre/meldar Morgan og Torill Øren	Adr. 5153 Fønnes	
Saka gjeld Einebustad - Nybygg		
Vedlegg:		
<p>Søknad om byggjetillatelse, dat. 19.8.80  kvittering for sendt nabovarsel  situasjonskart 1:5000  situasjonsskisse 1:500  teikningar 1:100, dat. 31.1.77  søknad om ansvarsrett m/vedlegg, dat. 19.8.80  Vedtaket i bygn.rådet den 16.12.80, sak 718/80 (godkj. tomt)</p>		
TILRÅDING:		
Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:		
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det skal vera tilfredsstillande tilkomst til hygienisk betryggjande og tilstrekkeleg drikkevatt. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen. (§ 65 og brunnlova)</li> <li>2. Bygningssjefen skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (F 14:21)</li> <li>3. Innstallasjon av oljefyringsanlegg, oljefyrt eldstad og tank for fyringsolje og petroleum skal meldast til brannsjefen. Nedlegging av tank i jord skal meldast på førehand slik at nedlegginga kan kontrollast. (F 49:33)</li> <li>4. Farge og takteking må vera slik at det harmonerar godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygget skal målast på ny dersom det vert fargesett på ein skjemmaende måte. (§ 74)</li> <li>5. Bygningsrådet gjer merksam på at vilkåra i sak 718/80 skal følgjast opp og at søkjaren må sjå til at dette vert ordna.</li> <li>6. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for grunn- og betongarbeidet. (§ 98)</li> <li>7. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjetillatelse eller graveløyve. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta.</li> </ol>		
Bygningsrådet godkjenner byggm. Ole Solhaug som ansvarshavande for hus over grunnmur. (§ 98) ..../..		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Morgan og Torill Øren G. Block Watne A/S Byggm. Ole Solhaug	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 16.12.80
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 146 Fosse ytre	SAK NR. 719/80
Byggherre/meldar Morgan og Torill Øren	Adr. 5153 Fønnes	
Saka gjeld Einebustad - Nybygg		
Vedlegg:  Forts.  VEDTAK:  Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD  <i>Christen Storheim</i>	Utskrift sendt til Morgan og Torill Øren G. Block Watne A/S Byggm. Ole Solhaug	

5100 Isdalstø, 23. januar 1981

Morgan og Tøwill Øren

5153 Fønnes

MELDING I FORVALTNINGSSAK

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette meldt at det den 16. desember 1980 i sak 719/80 av Lindås bygningsråd, 5100 Isdalstø er gjort vedtak som vedlegget syner.

Vedtaket kan påklagast til kommunal- og arbeidsdepartementet v/fylkesmannen i Hordaland jfr. § 17 i bygningslova.

Klagefristen er 3 - tre veker frå den dagen brevet kom fram til mottakaren. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast til Lindås bygningsråd. Han skal vera underskriven, nemna det vedtaket som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er ønskjelege og dei grunnar De vil føra for klagen.

Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne meldinga kom fram. Om løyve til å få klagefristen forlengja, og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefristen er ute m.m., gjeld elles føresegnene i § 29 - 32 i forvaltningslova. Om oppsetjande verknad av klage gjeld § 34 i forvaltningslova. Har De ikkje høve til å gjera Dykk kjend med desse føresegnene, eller De treng rettleiing om kva De skal eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For Lindås bygningsråd

*Kirsten Storchmann*